

Meland kommune, Plan-og byggjesaksavd.

p.b. 79

5906 Frekhaug.

Vedk. gnr. 5 bnr. 7 søknad om disp. frå frådellingar. Merknad til Fylkesmannen sitt brev til Meland kommune datert 15.11.17 .

Saka gjeld søknad om dispensasjonar for fire areal dvs. område A,B,C og D.

Fylkesmannen har ingen merknad til områda A,B og C.

For område D uttaler Fylkesmannen følgjande:» *Det er Fylkesmannen si vurdering at ei frådelling her vil føre til ei forventning om å få bygge.»*

Det er denne grunngjevinga Fylkesmannen gir for ikkje å kunne tilrå dispensasjon frå byggjeforbodsona i strandområda. Denne grunngjevinga må sjåast på som ein påstand frå Fylkesmannen. Ein påstand som det ikkje er noko grunnlag i søknaden å kome med. I søknaden er det gitt klart uttrykk for at området ikkje skal byggjast på. Eg, som kjøpar av arealet, ser på dette arealet som eit naturleg tillegg til mi bustadtomt gnr. 5 bnr. 159 og har ingen planar å byggje her. Eg forventar at Fylkesmannen i sine vurderingar legg saklege og dokumenterte grunnar til grunn for sine tilrådingar og ikkje legg til grunn tilfeldige synspunkt som det ikkje er nokon grunnlag for i søknaden. Eg ber derfor om at Fylkesmannen sitt synspunkt på dette punkt vert sett bort frå og at kommunen gir dispensasjon for område D i samsvar med søknaden til liks med dei andre 3 områda.

Fløksand 24.11.2017.

Mvh.

Asle Fløysand.

Eigar av gnr. 5 bnr. 159.

